



Uselde rundstykkjer på Martabu i ettermiddag!

Det er ikkje til å bortforklære: Sommarsesongen er på hell og talet på båtturistar og andte feriegjestar går attende, godt hjulpe av ein regnfull sundag. Morten Nilsen har registrert det på ein litt spesiell måte idag: Rundstykkjesalet frå Martabu har svikta!.

- Det er slett ikkje heilsvart, eg har trass i alt selt 30 rundstykkjer og 5 brød og sit att med 50 rundstykkjer og 7 brød, seier verten for den nyaste turistattraksjonen i bygda.. Han tek sikte på å runda av rundstykkjesalet for denne sesongen kommande sundag.

Men både på vegner av Martabu og Systrene Nilsen verkar han ffnøgd. Tida er enno ikkje inne for oppsummering, men laurdag kveld var det faktisk rundt 100 vesentleg lokale gjester trass i at det ikkje var levande musikk.

Og dei kom i tillegg til dei 40 som deltok i allsongen tidlegare på dagen.

Torsdag kom det forresten 135 på skaldyraften, som har vore sesongens største suksess.

Og framleis er det nokre veker att...

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen